



Sakshandsamar: Dagny Alvik  
Telefon: 57 64 31 42  
E-post [fmsfdal@fylkesmannen.no](mailto:fmsfdal@fylkesmannen.no)

Vår dato  
24.06.2016

Vår referanse  
2014/941  
Rapportnummer  
2016.053.I.FMSF

Årdal kommune  
PB 40  
6881 Årdalstangen

### Tilsyn ved Dalsurdi avfallsplass - krav om retting av avvik –gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr.

Kontrolldato: 08.06.2016	
Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Arne Kjos, Årdal kommune Rolf Vidar Bentås og Trude Gjermo, Sunde Resirk	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Grete Haugan og Dagny Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

#### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **1 avvik** og gjeve **1 merknad** frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan **15.08.2016**. Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Grete Haugan  
senioringeniør

Dagny Alvik  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

**1. Informasjon om verksemda:**

Stad (namn på anlegg): <b>Dalsurdi avfallsplass</b> Ansvarleg verksemd: <b>Årdal kommune</b>	Organisasjonsnr.: <b>954 679 721</b>
Kontaktperson: <b>Arne Kjos</b>	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1424.0011.02
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: <b>05.10.2010</b>
Risikoklasse: <b>3</b>	Gebyrsats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): <b>12 500,-</b>

**2. Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Kontrollen vart gjennomført den 08.06.2016 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

**3. Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadane og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gje grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan 15. august 2016 eller dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for

sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknadar. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

#### Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda ikkje gjev tilbakemelding innan fristen, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

#### **4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve**

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 17.12.2010. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats 3 i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 500,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

#### **5. Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

## 6. Avvik

Dette avviket vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1      Fleire krav i utsleppsløyvet er ikkje oppfylt**

**Avvik frå:**      Utsleppsløyve datert 05.10.2010, avfallsforskrifta kap 9 og internkontrollforskrifta § 5

**Kommentarar:****Deponering av gips**

Ganske store mengder gipsavfall er deponert på Dalsurdi. Avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg 2 - pkt 2.2.1 opnar for at gipsavfall kan deponerast i eigne celler på deponi for ordinært avfall på visse vilkår. Dalsurdi er eit deponi for inert avfall. Dersom gipsavfallet skal leggest på Dalsurdi, så må det dokumenterast at avfallet er inert og tilfredsstillar krava i Avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg 2 - pkt. 2.1. Jf også krav om basiskarakterisering.

Det er også eit krav i løyvet at avfall som lett kan materialgjenvinnast ikkje skal deponerast, jf. pkt 3.2 i løyvet.

**Deponering av ristgods/sand/slam**

Det er gjeve løyve til deponering av ristgods og sand frå sandfang på Dalsurdi. Ristgods er ofte det ein reknar som kloakksjøppel, og er ein avfallstype som ikkje er hensiktsmessig å handtere på andre måtar enn ved deponering. Ristgods er difor unnateke deponiforbodet. Det er likevel krav om at avfall som skal deponerast på inert deponi ikkje skal overskride 3 % totalt organisk karbon, jf. vedlegg II i avfallsforskrifta kap. 9. Som eit ledd i basiskarakteriseringa må det difor takast prøvar som dokumenterer at ristgodset/slammet er innanfor desse krava.

Deponeringa av ristgods er ikkje med i årsrapporteringa for avfall som er deponert.

**Kontroll og overvaking av deponiet**

Sidan førre tilsyn er det teke 2 stikkprøvar av vatn i underkant av deponiet. Vi er kjent med at det er utfordringar med å få oversikt over kva som evt kan komme ut frå deponiet pga oppbygging og plassering. Det er likevel viktig at Årdal kommune så langt det let seg gjere prøver å få eit bilete av kva som kan komme av sigevatn ut av deponiet, og om det evt kan påverke omgjevnadane. Det bør takast nokre fleire prøvar i periode med mykje avrenning, og dokumentere at det er sett etter evt andre område med vassig rundt deponiet. Det kan også vere nyttig å vise til vassprøvar som Hydro tek i elva.

Ved førre tilsyn vart det også påpeikt at det ikkje er utarbeida driftsplan og førebels avslutningsplan for deponiet. Dette er enno ikkje gjort.

**Avstenging av området**

Det er eit krav i løyvet at deponiet skal vere inngjerda med eit minst 2 m høgt gjerde der det kan vere tilkomst. Kommunen lova i tilbakemelding etter førre tilsyn at det skulle gjerast ei

risikovurdering på kva som var godt nok for å sikre at uvedkommande ikkje kjem seg inn på deponiet. Dette er ikkje følgt opp.

### **Omlasting av oske frå forbrenningsanlegg**

Sidan førre tilsyn er det bygd bås med golv og vegger som nyttast for omlasting av oske. Oska kan mellomlagrast i opptil 4 veker. Det er ikkje gjort ei vurdering om dette er god nok sikring for å hindre støvflukt og evt avrenning til grunn ved mykje nedbør. Det vart nemnt under tilsynet at det er vurdert å bygge høgare vegger, og ha tak over bakarste del.

Omlastinga av oske er ikkje omtala i driftsinstruksen for deponiet.

## **7. Merknader**

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

---

### **Merknad 1 Basiskarakterisering**

#### **Kommentarar:**

Verksemda er kome godt i gang med å krevje basiskarakterisering av avfall som skal deponerast på deponiet. Det er viktig at ein i mottakskontrollen stiller kritiske spørsmål ved karakteriseringa, og etterspør evt underliggjande dokumentasjon. Td. kan informasjon frå miljøkartlegging av bygg som skal renoverast/rivast nyttast. Det er også viktig at verksemda tek nokre stikkprøver for å verifisere at avfallet er det som basiskarakteriseringa seier.

## **8. Andre tilhøve**

### **Finansiell garanti**

Årdal kommune bør setje av midlar for næringsavfallet som vert deponert på Dalsurdi.

### **Vurdering av endra utsleppsløyve**

Fylkesmannen vil gjere ei vurdering om det er behov for å endre utsleppsløyvet etter oppfølginga av dette tilsynet.

Kopi per epost: Sunde Resirk AS